

Protokoll Regionrådet Nordhordland – fredag 25. oktober

Møte: 5-2019
Tid: Fredag 25. oktober kl. 09:00 – 15:00
Stad: Fjordslottet, Fotlandsvåg, Osterøy

Til stades:

| | |
|------------------|--|
| Ordførar: | Karstein Totland, Per Lerøy, Lars Fjeldstad, Kjetil Eikefet, Odd Harald Eide (varaordførar Gulen), Sara Sekkingstad (Alver), Øyvind Oddekalv, Astrid Aarhus Byrknes, Jostein Borlaug |
| Rådmenn: | Jarle Landås, Martin W. Kulild, Ingvild Hjelmtveit, Svein Helge Hofslundsengen, Jo Bjarte Tømmerbakke, Reidun Halland, Liv Løvik, Gjermund Hagesæter |
| NUI: | Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Kari E. Natland |
| Andre: | Sak 41/19: May Britt Hernes, Asplan Viak Sak 41/19 og 42/19: Baste Tveito, Nordhordland Næringslag Sak 42/19: Tanja Hoel, Alver kommune |
| Forfall: | Hallvard Oppedal, Ørjan Raknes Forthun |

| | |
|-----------|--|
| Sak 37/19 | Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar. |
| Sak 38/19 | Godkjenning protokoll møte 4-2019 Møteprotokoll frå møte 4-2019 vart godkjent utan merknadar. |
| Sak 39/19 | Eit tilbakeblikk - kva har Regionrådet jobba med i perioden? Dagleg leiar Rune Heradstveit informerte om at NUI jobbar med ein perioderapport for denne regionrådsperioden, og viste foreløpig utkast. Rapporten vil bli ferdigstilt i november og vil bli sendt ut til medlemmene i Regionrådet og til kommunane for vidare distribusjon til politikarar og andre. Distribusjonen vil fyrst og fremst bli elektronisk, men den vil og bli trykt opp i ein del eksemplar. |
| Sak 40/19 | Val av leiar og nestleiar til Regionrådet for perioden oktober 2019 – oktober 2023 I fylgje vedtektene består Regionrådet i Nordhordland av ordførarane i medlemskommunane med varaordførarane som varamedlemmer. Regionrådet Nordhordland vel leiar og nestleiar i første møte i ny kommunestyreperiode. Vala gjeld for heile kommunestyreperioden. Valnemnda består av Hallvard Oppedal (leiar), Astrid Aarhus Byrknes og Øyvind Oddekalv. Valnemnda sitt framlegg til leiar og nestleiar i Regionrådet for perioden 2019 til november 2023 (første møte etter ny kommunestyreperiode) er Karstein Totland som leiar og Sara Sekkingstad som nestleiar. Som godtgjersle føreslår valnemnda 4% av stortingsløn til leiar, og 1% av stortingsløn som nestleiar. Vedtak: Regionrådet vel Karstein Totland som leiar og Sara Sekkingstad til nestleiar i Regionrådet i Nordhordland for perioden 2019-2023. Godtgjersle vert sett til 4% av stortingsløn til leiar, og 1% av stortingsløn til nestleiar. |
| Sak 41/19 | Presentasjon og forankring av Nordhordland UNESCO Biosfæreområde og strategidokument (vedlegg). Kari Evensen Natland presenterte bakgrunn og formål for strategidokumentet. Det har gjennom denne prosessen vore viktig å gjera satsinga kjend og mobilisera til ei breiast mogeleg involvering. Målet har vore å få strategiar som tydeleggjer kva denne statusen skal bety for Nordhordland og få ei dokument som tydeleggjer det felles arbeidet som skal gjerast i Nordhordland |

biosfæreområde og korleis dei ulike aktørane i samfunnet kan bidra i dette arbeidet. Arbeidet skal vera tufta på FN sine bærekraftsmål. May Britt Hernes frå Asplan Viak (innleidd konsulent for prosessen) presentere prosessen, innhald og innspel.

Kva kan denne statusen bety for kommunane?

Leiar av styringsgruppa i biosfæreprosjektet Jarle Skeidsvoll delte tankar om dei mogelegheiter som finnest etter at me har fått UNESCO status og kva denne statusen kan bety for kommunane. Det er viktig å involvera alle lag og samfunn, enkelt menneske, institusjonar, barn, unge og eldre, ja alle.

Det er viktig å finna ut korleis ein kan ta dette ned i kvardagen.

Motivasjonen er forskjellig, men ein få til eit fellesskap som skapar samarbeid og mogelegheit for framtida. Dette skal vera ei innramming – ein del av identitet – slik at ein kan ta vare på det beste – og så forma framtida. Dette vil vera ei dynamisk utvikling.

Prosjektet gir oss mange moglegheiter og søknaden gir oss eit fundament for vidare arbeid.

Kommunestyra har handsama dette i to rundar og det er dermed ei forventning til at ein skal jobba vidare med dette. Ordførarane har eit særleg ansvar, og Rådmennene må byggja under det sterke politiske mandatet som er gitt.

Vidare organisering

Rune Heradstveit viste til at me no har eit taktskifte i biosfærearbeidet, søknadsarbeidet er ferdig, Unescostatus er tildelt, ein må no gå over frå at dette er eit prosjekt til at det er eit varig arbeid. Det får fylgjer for korleis dette må organiserast vidare. Heradstveit presenterte tankar om dette. Det viktigast er at kommunane må ta eigarforhold til dette, at me får med formelle og tunge partnarar innan for offentleg og næringsliv. Kommunane må oppnemna ein eigen ambassadør / kontaktperson for biosfære, og det må etablerast gode prosjekt i NUI, men ikkje minst ute i kommunane som kommunane sjølve er ansvarleg for å driva framover. Dette er ikkje meint som eit tilleggsarbeid, men som del av ting det er naturleg å jobba med for kommunane, men som får eit biosfærestempel som skal tydeleggjera at dette er berekraftig.

Skal me lukkast me biosfæresatsinga må det vera eit berekraftig økonomisk fundament for satsinga. Foreløpig er me berre sikra 660 000 kr frå kommunane for 2020. Dagleg leiar er tydeleg på at dette på langt nær er nok til å sikra ei godt arbeid vidare. Her må eigararar og andre vera med å jobba for økonomisk støtte frå t.d. statsbudsjett, forskingsmiljø, andre offentlege instansar og ikkje minst næringsliv. Det må vera eit aktivt og kompetent styre til dette arbeidet. NUI vil koma tilbake til Regionrådet med formell handsaming av vidare organisering.

Innspelsrunde

Kari Evensen Natland og May Britt Hernes gjekk så gjennom innspel m.v. som var kome frå strategimøta. Det kom inn ca. 500 innspel i 11 kategoriar og etter å ha bearbeidd dette har ein enda opp med 3-5 kategoriar.

Deretter var det kommunevis jobbing med ein del spørsmål og så felles gjennomgang der kommunane presenterte tankar. Det vart ført eige arbeidsreferat for dette.

Korleis kan Næringslivet nytte, og bidra til Nordhordland UNESCO Biosfære?

Baste Tveito frå Nordhordland Næringslag delte tankar om kva biosfæreområdet kan bety for næringslivet og omvendt. Han var tydeleg på at dette er ei viktig utnemning for Nordhordland, og at her må alle bidra slik at biosfæreområdet får innhald. Paradokset med tanke på bærekraftstanken er gjerne at det er Nordhordland som forsyner Nordsjøen med logistikk, system og tenester. I tillegg er ein stor på landbasert prosess, system og tenester på Mongstad, i Sløvåg – rundt Fensfjorden. Men dette gir oss moglegheiter gjennom omstilling!

Me har lukkast med å ta vare på og vidareutvikle eksisterande verksemder i regionen. Mangfoldet er i vekst og fleire verksemder som tidlegare utelukkande var innanfor olje og gass har no etablert seg i andre bransjar. Handelsnæringen vår er svært viktig for vår attraktivitet og særleg for regionsenteret vårt, her er utviklinga bekymringsfull med negative tall som viser at me har større utfordringar enn i resten av landet. Me har ikkje lukkast med å «flagga inn» større verksemder til regionen. Her må det sjåast på tiltak.

Å byggja grøen konkurransekraft vil for Alver kommune og Nordhordlandsregionen bety å ta ein nasjonal posisjon innanfor grøen omstilling og bidra til Regjeringa sine mål om å kutta klimagassutsleppa med 40 %

| | |
|-----------|--|
| | <p>innan 2030, samstundes som ein aukar verdiskaping og sikrar høg sysselsetting. Gjennom etablering av partnerskap på tvers av sektorar og samarbeid med FoU aktørar, vil prosjektet fungera som ein katalysator for grøen vekst og danna grunnlaget for etablering av ei sirkulær økonomiklynge.</p> <p>Tveito viste vidare til prosjekt «Green Spot Mongstad» der prosjektideen er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Å styrkja kunnskapsgrunnlaget om energieffektivisering i industrien, energiressursar, karbonreinsing og fangstteknologi, sirkulærøkonomi og leggja til rette for etablering av nye industri- og teknologiverksemder, samt innovasjonssamarbeid mellom næring, styresmakter og FoU. 2. Utvikla eit felles konsept for grøen næringsutvikling som grunnlag for felles profilering og utvikling av nye arbeidsplasser. <p>Her må ein kunne knyta biosfæreprosjektet saman med næringslivet. Kommunikasjon er her viktig, ein må byrja med det som er positivt, og som gir grunnlag for å forbetra det som er dårleg. NGIR kan her vera eit operativt organ.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringane til vitande.</p> |
| Sak 42/19 | <p>Næringsutvikling i Alver kommune og regionen (vedlegg)</p> <p>Tanja Hoel informerte om næringsutvikling i Alver kommune, og kvifor dette arbeidet bør prioriterast. Baste Tveito frå Nordhordland Næringslag utfylte inne mellom.</p> <p>Hoel viste til at satsinga på næringsutvikling er ei bestilling frå fellesnemnda.</p> <p>Når det gjeld Smart vekst i Alver, så kunne det like gjerne vore for heile Nordhordland. Det er no eit krav frå styresmaktene om at alle planar skal ta inn i seg FN sine bærekraftsmål. Alver har tatt ein offensiv posisjon i forhold til dette.</p> <p>Hoel meiner det er viktig at næringsutvikling vert prioritert då det er ein sentral del av kommunen sitt engasjement innan lokalsamfunnsutvikling. Eit lønsamt næringsliv skapar grunnlaget for velstandsutviklinga. Innovasjon og nyskaping er viktig for å kunne skapa ei berekraftig regional utvikling, og kommunane må tilpassa planarbeidet til den nya «kunnskapsøkonomien» og nye systemkrav.</p> <p>Regionen har industri av nasjonal betyding og me har jordbruk og havbruk. Verksemdene i regionen har klart seg bra tross periode med «oljedetur», det har også andre næringar enn olje. Handelsnæringa derimot har dårlegare utvikling enn i landet elles. Det er negativt og gjer oss mindre attraktive. Regionen har heller ikkje lukkast med å flagga inn tunge nye større verksemder.</p> <p>Hoel var kort innom det som Tveito orienterte om tidlegare; grøen konkurransekraft og moglegheiter det gir for satsing på sirkulær økonomi, og prosjektet «Green Spot Mongstad». Den kunnskapen som er i Fensfjordområdet gir fordel med å trekka til seg grøen industri.</p> <p>Prosjekt «Næringsutvikling i Alver kommune» skal avklara forventningar frå næringslivet, og kommunen skal ha ein framoverlent rolle. Ein skal sjå på innkjøpsfunksjonen som kommunen har, og ein skal nytta det lokale næringslivet og den kompetansen som er der. Areal til næringsutvikling er viktig, men infrastruktur må også vera god dersom det skal bli attraktivt å etablere noko i Alver. Målet er å utarbeida ein næringsstrategi som forpliktar kommunen og næringslivet.</p> <p>Tveito viste til at samferdsel og vegar er grunnleggjande, og når det gjeld E39 – Klauvaneset – Vågsbotn, må det sendast eit nytt skriv frå Regionrådet og Bergen kommune til samferdsleministeren der ein stadfestar det som er sagt og skrive tidlegare.</p> <p>Hoel og Tveito meinte at regionen må posisjonere seg slik at ein får 5G på plass og at ein må sikra kraftforsyning for framtidig næringsutvikling og elektrifisering av samfunnet. No er det for lite straum i området til å sikra vidare utvikling. Dette jobbar næringslaget med, og ein ser på korleis ein skal organisera dette arbeidet vidare, og korleis næringslaget og BKK nett saman skal begrunna dette overfor Statnett. Invest in Bergen bidrar i dette arbeidet.</p> <p>Knarvik må utviklast til eit attraktiv regionsenter og det same må utpeika nærsenter. Dette er viktig for å sikra relevant arbeidskraft og kompetanse til næringslivet. Sentra må ikkje bli interne konkurrentar. Målet er å få dei unge til å busetja seg her. Det er ein lekkasje frå regionsenteret til Åsane / Bergen der mange av ungdommane reiser for å ta allmenn utdanning. Det største problemet her er at våre vidaregåande ikkje har idrett. Det er no kome ein ny barneskule i Knarvik med fleirbrukshall som gir auka kapasitet til idrett. Me må jobba for å få til å etablere ei idrettsline ved Knarvik vidaregåande skule. Alle dei tre vidaregåande skuler i regionen er viktige, og må utviklast vidare til å vera attraktive skular som</p> |

| | |
|-----------|--|
| | <p>tiltrekk seg ungdommen.</p> <p>Havbruk er blitt eit større og større konfliktområde og planar i denne samanheng er ei krevjande oppgåve. Dette krev ein ny måte å jobbe på. Ein må ha meir lokal medverknad på eit tidleg stadium, og prosessen og dialogen må skje på ein riktig og god måte. Ein må jobba aktivt før planane går ut på høyring. Ein må visa fram næringa for folk flest ved å sjå havbruk på nært hald t.d. gjennom havbrukssafari.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p> |
| Sak 43/19 | <p>Orienteringssaker:</p> <p>Rune Heradstveit orienterte om status for Region Nordhordland Helsehus. Prosjektet er i rute, og det er god kontroll på det økonomiske. Siste dronofilm: http://www.regionnordhordland.no/status-og-framdrift.6192334-348877.html</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p> <p>Kontaktutval Nordhordlandspakken Det har ikkje vore møte i kontaktutvalet sidan førre møte. Vegvesenet har nettopp fått ferdig eit fakta ark med informasjon om bompengesatsar mm. Dette bør leggjast ut på heimesida / facebook m.v. til kommunane. Rune Heradstveit sender ut lenkje m.v. til kommunane.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p> |
| Sak 44/19 | <p>Meldingar og eventuelt Ingvild Hjelmtveit orienterte kort om status for arbeidet med overført av Ikt Nordhordland frå Osterøy til §19 sjølvstendig selskap. Vidare at Lars Tveit er tilsett som leiar for digitalisering og innovasjon etter ein grundig tilsetjingsprosess. Han vil rapportera til rådmennene i kommunane som er med i IKT-samarbeidet, men her formelt tilsett i Nordhordland Utviklingselskap IKS.</p> |

Knarvik, 25. oktober 2019

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 39/19: Oversikt over saker handsama av Regionrådet i perioden
- Sak 41/19: Informasjon Unesco Nordhordland Biosfæreområde
- Sak 41/19: Nordhordland Næringslag – Unesco Nordhordland Biosfæreområde
- Sak 41/19: Arbeidsnotat til vidare organisering av arbeidet med Unesco Nordhordland biosfære
- Sak 42/19: Alver kommune - næringsutvikling